



Arkivsaknr: 2025/14367-1
Sakshandsamar: Arne Eikefet
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Fensfjorden Kjernekraft AS - Alver kommune som medeigar

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune tiltrer aksjonæravtalen for Fensfjorden Kjernekraft AS og inngår som deleigar i selskapet med dei føresetnadar som framgår her i kommunedirektøren si tilråding.
2. Kommunedirektøren vert gjeve fullmakt til å signere aksjonæravtalen og gjennomføre naudsynte formalitetar.
3. Alver kommunen stiller med aksjekapital på NOK 100 000, finansiert frå disposisjonsfondet.
4. Vidare prosess med tiltak vedteke i sak KO 33/24 og KO 119/24 vert lagt til det utvida selskapet Fensfjorden Kjernekraft AS å administrere og svare ut for kommunestyret i Alver.
5. Det skal utarbeidast ein topartsavtale mellom Alver kommune og Austrheim kommune som regulerer det interkommunale samarbeidet i denne saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Norsk Kjernekraft AS og Austrheim kommune har inngått ein aksjonæravtale om oppretting av selskapet Fensfjorden Kjernekraft AS. Formålet med selskapet er å utgreie og eventuelt etablere kjernekraftverk i Mongstadområdet.

Alver kommune har fått førespurnad om å tiltre denne avtalen og dermed gå inn som deleigar i selskapet.

Bakgrunn

Det ligg føre ei rekke offentlege utgreiingar som syner at Noreg og særleg Vestlandet går mot eit framtidig underskot på elektrisk kraft. NVE og Statnett har varsla at det trengs meir kraftproduksjon som ikkje er vêravhengig. I følgje Statnett er hovudutfordringa i åra framover å sikre at det blir nok straum tilgjengeleg når det er lite vindkraftproduksjon. Kjernekraft og vasskraft med store magasin er dei einaste lav-utslepps-kjeldene som ikkje er vêravhengige.

Særleg for Mongstadorrådet er tilgang til tilstrekkeleg og rimeleg straum avgjerande for omstilling og vekst. I Alver kommune har det vore fleire politiske saker og informasjonsrundar kring temaet, og særleg gjeld dette prosessar som gjeld eit eventuelt kjernekreftanlegg i eller ved kommunen, fortrinnsvis i området på eller ved Mongstad.

Det har vore omfattande prosessar om dette også i Austrheim kommune. Kommunen der har tidlegare i år inngått ein aksjonæravtale med firma Norsk Kjernekraft AS og saman danna selskapet Fensfjorden Kjernekraft AS. Dette er eit av ti slike samarbeidsselskap som Norsk Kjernekraft AS har med ulike kommunar i Noreg. Desse selskapa, inkludert Fensfjorden Kjernekraft AS, har sendt inn framlegg til utgreiingsprogram i kvar av kommunane. For Fensfjorden Kjernekraft AS er det i framlegget til utgreiingsprogram teke utgangspunkt i ein konkret plassering på Austerheim kommune sitt tomteareal på Litlås, men det er også opna for annan lokalisering, t.d. i Alver kommune.

Energidepartementet har til no ikkje handsame noko av dei innsendt framlegga, sjølv over to år sidan første innsending. Ein årsak til dette kan vere at departementet ventar på regjeringa sitt kjernekraftutval som våren 2026 skal levere si innstilling om kjernekraft i Noreg.

Konkret for Austrheim gjeld dette etablering av såkalla små modulære reaktorar, (SMR) dvs. kjernekraftanlegg på opptil 300MW kvar som vert bygd eksternt som modular og så frakta til Mongstadorrådet og sett saman der til eitt eller fleire SMR'ar . I utgreiings- søknaden for Litlås er det forutsett 4 SMR i eit samla anlegg.

Proessen før eventuelle oppstart av bygging er lang og eit ferdig anlegg kan kanskje stå klart rundt 2040.

Rettsleg grunnlag for medeigarskap

Kommunen sitt løyve til å eie aksjar i selskap føl av kommunelova § 14-1 om kommunen sin organisering og selskapsdeltaking. Vedtak om å etablere eller gå inn i aksjeselskap skal fattast av kommunestyret, jf. kommunelova §§ 5-3 og 11-8.

Om aksjonæravtalen

Avtalen som ligg til handsaming her er svært lik dei andre 9 aksjonæravtalane som Norsk Kjernekraft har med dei øvrige kommunane. Avtalegrunnlaget er utarbeidd av advokatfirmaet Thommesen og omhandlar stifting av prosjektselskapet «Fensfjorden Kjernekraft AS», etter ein eigarbrøk 80/20 fordelt på Norsk kjernekraft AS og Austrheim kommune og der Alver kommune er invitert til å kjøpe seg inn i halvparten av Austrheim kommune sin eigardel. Eksisterande avtale er tilpassa eit slikt mogeleg innkjøp frå Alver.

Det er viktig at kommunestyret er klår over kva som er kommunen sine rettigheter og plikter etter avtalen, inkludert korleis dette kan endre seg i ulike fasar.

Aksjonæravtalen er delvis sjølvforklarande, men kommunedirektøren knyt nokre kommentarar til innhaldet under her, samt kommentere trongen for endringar:

Ved stiftelsen skal aksjekapitalen i selskapet være til saman 1 million kroner, der Alver kommune sin del i ein utvida avtale vil vere NOK100.000.

Forretningsadressa i eksisterende avtale er den same som til rådhuset i Austrheim. Dersom anlegget vert bygd i Alver er dette ikkje naturleg og det må i så fall opnast for endring på dette punktet.

Etter eksisterande avtale sin punkt 4.2 har Austrheim kommune som deleigar rett til å peike ut ein representant til styret uavhengig av eigardel. Dersom Alver trer inn i styret med eigardel, må dette også gjelde separat for Alver.

Det innleiande føremålet med selskapet er å greie ut mogelegheitene for å etablere kjernekraft i Mongstadorrådet, - for å framskaffe eit underlag for å gå vidare med neste fase. Selskapet sin forretningsplan omfattar deretter arbeid fram til tildelt konsesjon, samt finansiering og etablering av eventuell kjernekraftproduksjon.

Partane skal opptre lojalt for å sikre at verdiane av selskapet sin aktivitet blir værande i selskapet. Utover den generelle lojalitetsplikta, avgrensar ikkje avtalen partane sine moglegheiter til å involvere seg i konkurrerande verksemd .

Fysisk oppføring og drift av kjernekraftverk er ikkje eit prosjekt kommunen med rimelegheit kan forventast å investere i. Sjølv om kommunen etter punkt 7.2 i avtalegrunnlaget som utgangspunkt har rett til å delta i framtidige kapitalhevingar, er det forventa at kommunen sin eigardel vert vatna ut gradvis ved kapitalhevingar i selskapet.

Kommunen har ingen plikt til å delta i framtidige kapitalhevingar, sjå punkt 7.2.

Ei eventuell utvatning vil bety at selskapet sin samla verdi vert auka ved tilførsel av ny aksjekapital frå andre, mot at selskapet utsteder nye aksjar som medfører at kommunens eigardel i selskapet vert redusert.

Ved kapitalheving vil det bli lagt fram sak for kommunestyret til handsaming. Kommunen kan ikkje motsette seg framtidige kapitalhevingar så lenge kommunen er gjeve mogelegheit til å teikne nye aksjar og teikningskursen, dvs verdsettinga av selskapet, er fastsett basert på selskapet sin verkelege verdi og minst ein verdi lik totalt innskoten kapital i selskapet, sjå punkt 7.2.

I samanheng med trongen for kapital for fysisk utbygging av kraftanlegg er det vidare viktig å merke seg aksjonæravtalen sin punkt 3 (vi) som beskriv at partane, i tillegg til utbytte, ser for seg å skape verdi frå investeringane i selskapet ved nedsal i forbindelse med realiseringa av anlegget.

Som følge av utvatning og eventuell realisering ved sal i forbindelse med etableringa, vert det antatt at dei ordinære aksjeutbytta for selskapet sitt overskot ved framtidig kraftproduksjon i liten grad vil være relevant for kommunane.

Punkt 6 i aksjonæravtalen inneheld vedtekter som er viktige for eit eventuelt framtidig sal av aksjar i selskapet. Kommunestyret bør særleg merke seg vedtekta i Punkt 6.2 der partane forpliktar seg til å være aksjonærar i selskapet frem til selskapet eventuelt har motteke konsesjon (salsforbod).

Etter kommunedirektøren sin vurdering er det i utgangspunktet hensiktsmessig at partane forpliktar seg til å behalde sine aksjar fram til konsesjon er gjeve. Likevel kan det oppstå situasjonar der framleis eigarskap i selskapet ikkje er foreinleg med Alver kommune sin rolle som eit offentleg organ. Av den grunn foreslår kommunedirektøren følgande tilleggspunkt i aksjonæravtalen, -, den er også brukt i andre selskap Norsk Kjernekraft AS er involvert i:

7.8 Rett for kommunen til å tilbakelevere aksjene til Selskapet

Uavhengig av de andre bestemmelsene i dette punkt 7, har Kommunen, dersom den opplever stor politisk motstand eller det av andre grunner fra Kommunens ståsted blir umulig å være eier i Selskapet, rett til å levere tilbake sine Aksjer, inkludert alle rettigheter og forpliktelser knyttet til dem, til Selskapet. Alle Aksjene må tilbakeleveres samlet, inkludert eventuelle Preferanseaksjer, og Kommunen mister følgelig sin rett til Grunnleggerhonorar.

Unntaket, som gir kommunen rett til å selge før ein eventuell konsesjon, er kun meint å fungere som ein sikringsventil, og gjeld berre dersom ønsket om å selge er sakleg grunna i alvorlege bekymringar knytta til nokon av dei tilhøva som er omtala i aksjonæravtalen. Dersom kommunen krev sal i medhald av unnataket, skal verdien til aksjane settast lik bokført eigenkapitalverdi. Denne verdisettinga vil kunne være vesentleg lågare enn verkeleg verdi, og reflekterer at dette kun er meint som ein sikringsventil.

Dersom informasjonen i den innsendte meldinga frå Fensfjorden Kjernekraft AS vert lagt til grunn, og det vert bygd fire SMR-reaktorar i Mongstadområdet, vil det sysselsette rundt 300 menneske i driftsfasen, som er vurdert til 60 - 100 år. I byggefasen (tre år) vil talet på arbeidsplassar være endå høgare. Både i byggefasen og i driftsfasen kan ringverknadene skape endå fleire arbeidsplassar i området kring kraftverket. Kraftverket vil kunne gje vesentlege positive økonomiske verknader for kommunen, i form av økonomisk aktivitet, tilflytting, kompetansebygging og moglegheiter for kraftkrevjande industri. I tillegg kan eit kjernekraftverk gje lokaliseringskommunen inntekt i form av eigedomsskatt.

I tillegg til eigedomsskatt, vil kommunen ha inntekter i form av inntektsskatt for tilsette som bur i kommunen. Dersom det vert innført konsesjonskraft eller konsesjonsavgift for kjernekraft, slik det i dag finns for vasskraft, vil det skape ytterlegare kommunale inntekter. Konsesjonskraft inneberer at kommunen får kraft til kostpris, og at denne krafta kan nyttast

i kommunen eller verte selt vidare i markedet. Konsesjonsavgift er ei avgift som vasskraftverk betaler som kompensasjon for ulempene som utbygginga inneberer. Det er i dag ikkje konsesjonskraft eller konsesjonsavgift for kjernekraftverk i Noreg, men dette er naturleg å greie ut. I tillegg til inntekter frå sjølve kjernekraftverket, vil tilgang på kraft gje kommunen eit konkurransefortrinn innan etablering og vidareføring av kraftkrevjande industri. Det vil også være moglegheiter for etablering av næringar som leverer varer og tenester til kraftverket. Dette vil bidra til kommunale inntekter på same måte som kraftverket i seg sjølv.

Kommunedirektøren meiner at Alver kommune bør vise handlekraft av to hovudårsaker, det er viktig å lage meir straum og det er viktig å nå klimamåla. Meir straum i Mongstadorrådet vil posisjonere Mongstad med hensyn til krafttilgang og auke mogelegheitene for etablering av næring som treng energi. Det er likevel ingen garanti for at Alver, Austrheim, eller vår region for øvrig, kan styre kor krafta skal brukast i framtida.

Uansett utfall av kommunestyret si handsaming, så er det nødvendig å opplyse om at det rår usikkerheit knytta til vesentlege element, f.eks. kostnadsnivå, sosial aksept, politisk aksept og regulatoriske mekanismar.

Kommunedirektøren understrekar at det er Norsk Kjernekraft AS sine presentasjonar og informasjon som ligg til grunn for å omtalen av mogelegheitsrommet. Det må takast atterhald om endringar, men det er det beste underlaget kommunedirektøren kan nytte for å teikne opp eit bilete med eksemplar og potensiale.

Om partnerskapet

Det er lite tenkeleg at det kan utviklast anlegg for kraftproduksjon i Noreg utan kompaniskap med ein kommune. Alver kommune har vore i dialog med Norsk Kjernekraft AS over tid og sonert mogelegheitene for at Norsk Kjernekraft AS og Alver kommune, saman med Austrheim, inngår avtale for å utgreie etablering av SMR-anlegg.

Norsk Kjernekraft er ein start-up-bedrift med vesentlege økonomiske ressursar og kompetanse, men dei har berre fem tilsette.

Alver kommune sine pliktar etter aksjeavtalen

Ved å inngå samarbeidet vil kommunen ta på seg eit vertskapsansvar. Det vil inneberer bistand til evt. alternativ lokalisering, grunneigardialog, medverknad og bistand til framdrift i utgreiing og sakshandsaming.

Aksjeavtalen legg opp til å etablere eit styrka konsortium der kommunen har som mål å vatne ut eigen eigarpost i seinare fasar. Det er likevel viktig for kommunedirektøren at kommunen som deleigar og vertskap skal vere sikra ein representant i styret, uansett eigardel.

Avtalen medfører plikt til å være «hands-on» i etableringa av den første eller ein av dei første SMR-reaktorane i Noreg, og kommunen tek på seg arbeidskrevjande nybrottsarbeid.

Kommunen plikter ikkje å investere meir enn den innleiande aksjekapitalen. Saker om auke i kapitalen, eller andre prinsipielle saker som følger av avtalen vil føre med seg sakshandsaming i formannskapet og i kommunestyret.

Vurdering og tilråding

Strategisk betydning: Deltaking gjev Alver kommune medverknad i eit prosjekt som kan bli avgjerande for framtidig energiforsyning og industriutvikling i regionen.

Samfunnsnytte: Prosjektet kan bidra til utsleppsreduksjon, sikre krafttilgang og skape arbeidsplassar.

Risiko: Prosjektet er i tidleg fase. Det vil krevje omfattande utgreiingar og konsesjonsprosessar før eventuelt vedtak om bygging.

Alternativ: Å stå utanfor vil redusere kommunens mogelegheit til å påverke prosessen. Andre kommunar i Noreg vil i så fall bli prioritert i det vidare arbeidet på denne sektoren.

Eit tredje alternativ er at kommunen kan etablere separat aksjeavtale med Norsk Kjernekraft AS. Kommunedirektøren vurderer dette som uheldig i det noverande samarbeidet om utvikling av Mongstadorrådet, men dette kan vere eit alternativ i framtidige fasar.

Økonomiske konsekvensar: Aksjeinnskotet på NOK 100 000 frå Alver kommune vert tilrådd henta frå disposisjonsfondet. Eventuelle framtidige kapitalbehov vil bli lagt fram for politisk handsaming.

Trong for endringar i aksjeavtalen

Den eksisterande aksjeavtalen som Alver kan tre inn i her har nokre utfordringar som kommunedirektøren meiner må løysast i form av endringar i ein felles aksjeavtale:

- Forretningsadressa skal vere i den kommunen der anlegget vert bestemt bygd. Inntil då kan forretningsadressa vere i Austrheim kommune.
- Alver kommune må ha ein rett i selskapsavtalen til å kunne selge seg ut før det vert gjeve konsesjon. Eksempel på tekst er vist i saksutgreiinga over her.
- Alver kommune skal ha rett til å peike ut eitt styremedlem, også om eigardelen er under 10%.

Toparts kommuneavtale

I tillegg til ein aksjeavtale meiner kommunedirektøren at det bør etablerast ein topartsavtale mellom Austrheim kommune og Alver kommune som regulerer det interkommunale arbeidet. Mellom anna gjeld dette det kommunale tilretteleggings- og driftsarbeidet som vert liggande til kommunane, og som kjem i tillegg til prosessane innunder Fensfjorden Kjernekraft AS. Ein slik topartsavtale må handsamast politisk.

Vedlegg

1 Avtale Fensfjorden Kjernekraft AS